




**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 15, 21. april 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.



### Medieutdanningane feirar 50 år i helga

Det har gått 50 år sidan det vart starta medieutdanning i Volda, og det blir markert denne helga med fag og fest. [Les også Nynorsk Pressekontor sin omtale av 50-åringen.](#)

[LES MEIR](#)

### Dokumentarfilmfestival - NO!

Den norske dokumentarfilm-festivalen blir arrangert i Volda 20.-24. april. Festivalen blir arrangert på Samfunnshuset/Volda filmteater. Sjekk programmet på nettsida - det er nokre feil i det trykte programmet.

[LES MEIR](#)

### Studium og studentliv:

**Menyen i kantina neste veke**

Måndag: Vegan burritos med ris og salat/vegan tomatsuppe med kvitløk  
Tysdag: Kebab buffet/aspargessuppe  
Onsdag: Dampa ørret med sellerirotmos og salat/grønsakssuppe  
Torsdag: Potetball med tilbehør/fiskesuppe  
Fredag: Tacobuffet

## **Skal tilsette 26 studentassistentar**

Høgskulen i Volda vil om kort tid lyse ut inntil 26 stillingar som studentassistentar. Studentassistentane skal bidra til at andre studentar får ein betre studiekvardag og kjem i tillegg til andre tiltak som regjeringa har gitt bidrag til i samband med korona. Studentassistentane vert tilsette i inntil 20 prosent av heil stilling.

## **Sivolda: Tilbyr bustader til Ukraina-flyktningar**

Studentsamskipnaden i Volda (Sivolda) eig hybelhuset i Sjukehusvegen 6B og frå 1. april har dette vore tilgjengeleg som bustad for flyktningar frå Ukraina. Samskipnaden tilbaud Volda kommune å leige ledige studenthybler til flyktningar, men det blir det ikkje noko av, i alle fall ikkje no.

## **Mest nøgde lærarstudentar i Volda - og Porsgrunn**

Nettavisa Khrono har gått inn i Studiebarometeret og funne ut at dei mest nøgde studentane på Grunnskulelærarutdanning finn du i Volda - og i Porsgrunn. [Les meir i nettavisa Khrono.](#)

## **Internasjonal fotokonkurranse for studentar: "Konflikt, protest og forsoning"**

Studentar som bidreg med foto av konflikt, protest og forsoning kan få bilda sine utstilte på ei fotoutstilling under ein mediekonferanse i Kiel. Og dei tre beste studentbidraga får ein pengepremie. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## **Nært og kjært i Volda**

Gratis frokost og kveldsmat i eksamenstida, samtalar om alt frå kjærleikssorg til studieteknikk, hukommelseskurs, stress-ned-yoga og lån ein bibliotekar på biblioteket er berre nokre få døme. Tilboda til studentane i Volda går langt utover det faglige. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## **Mediestudentar er garantert praksisplass**

Ved Høgskulen i Volda er ein garantert praksisplass. Praksisen er med på å avslutte studiet og førebu studentane på arbeidslivet og kanskje knyte kontakter som kan vere viktige for å få seg jobb, seier Kate Kartveit, dekan ved Avdeling for Mediefag (AMF). [Les meir på nettsidene våre](#)

## Lærarstudentar besøkte 22.juli-senteret og Holocaust-senteret

Ei gruppe på 15 studentar på Master i grunnskulelærarutdanning (MAGLU) har vore på studietur til Oslo og blant anna besøkt 22. juli-senteret og HL-senteret (Senter for studie av Holocaust og livssynsminoritetar - HL-senteret). Studieturen var ein del av samfunnsfag-utdanninga til studentane. [Les meir om studieturen og grunnskulelærarutdanning på nettsidene våre.](#)

## PPU: Vegen inn i læraryrket for mange studentar

PPU - Praktisk pedagogisk utdanning gir lærarutdanning til dei som har ei utdanning frå før og som ønsker pedagogisk utdanning for å kunne undervise elevar i faget dei har utdanning i. PPU er delt i to studierettingar: PPU for allmennfag, som Høgskulen i Volda tilbyr både som heiltids- og deltidsutdanning, og PPU for yrkesfag. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## Pensumlister for hausten 2022: Klare for redigering i Leganto

Biblioteket har no lagt til rette for at pensumlistene for hausten 2022 kan redigerast i Leganto. Som tidlegare år er det pensumlistene frå i fjor haust som no er kopierte over til hausten 2022 for vidare redigering og oppdatering. Ta kontakt med biblioteket om du ikkje finn "di" pensumliste, og hugs å trykke "Send til biblioteket" etter at du er ferdig å redigere. Frist for pensumlistene er som tidlegare år 15. mai. Alle tilsette har fått meir detaljert informasjon om dette. [Les meir om Leganto på nettsidene våre](#)

## Nytt om tilsette

### Familien Leer-Salvesen: "Det som held oss oppe, er håpet om at dei ein dag skal bli betre"

[Kjartan](#) og [Hilde Gry Leer-Salvesen](#) har to døtre på 19 og 17 år som i fleire år har hatt kronisk utmattingssyndrom (ME). [I lokalavisa Vikebladet fortel dei om kvardagen med sjukdomen.](#)

## **Ellen Hovlid fekk kjemperespons på kronikk i Khrono**

Professor Ellen Hovlid, AMF, har skrive ein kronikk i nettavisen Khrono om det å vere stipendiat og forskar i lys av at det særleg er mange stipendiatar som slit med psykisk helse. Tittelen på kronikken er: «Gråtende stipendiater er vanligere enn ikke-gråtende». Men ho skriv også om korleis eit godt ord til rett tid kan gjere underverk. Kronikken har fått hundrevis av "likarar" og har vorte delt og kommentert av svært mange. [Les kronikken her.](#)

## **Nye tilsette og faglege opprykk**

Kristin Øye Gjersdal er tilsett i fast stilling som rådgjevar i Studieadministrasjonen.  
Kari Bachmann er tilsett i fast stilling som førsteammanuensis på institutt for pedagogikk.  
Helga Synnevåg Løvoll, AKF, har fått opprykk til professor .  
Jørgen Warvik Lyngvær, AMF, har fått opprykk til førstelektor.

## **Fag og forsking**

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på [www.hivolda.no](#).



## **Mediefag: Vil bli senter for framifrå utdanning (SFU)**

Avdeling for mediefag har ambisjonar om å få status som Senter for framifrå utdanning (SFU), og innan fristen 20. april sende avdelinga søknaden med tittelen: Journalism, Innovation, Media Law and Practice (JIMP). Prosjektet har ei samla ramme på ca. 40 millionar over 5 år, og blant

samarbeidspartane er NRK, TV, VG, Sunnmørsposten, Universitetet i Bergen og andre. Status som "Senter for fremragende utdanning (SFU)" vert tildelt miljø som alt kan vise til framifrå kvalitet og innovativ praksis i utdanninga, og som har gode planar for vidareutvikling og innovasjon. [Les meir om ordninga på nettsidene til HK Dir.](#)

## Vil heie kvinner fram til toppkompetanse

Høgskulen i Volda ønsker og treng fleire kvinner med toppkompetanse - dosent eller professor. Gjennom prosjektet Balanse har Forskningsrådet gitt støtte til Høgskulen til dette føremålet gjennom prosjektet «[Kvinneleøftet](#)», og støtta vert mellom anna nytta til ei mentorordning for å støtte fleire i arbeidet med toppkompetanse. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## Publiseringa ved Høgskulen i 2021: Nedgang, men eit "normalår"

Forskningspubliseringane ved Høgskulen i Volda i 2021 er no klar og summen "tellekantpoeng" er på 110. Det er klart færre enn det særskilt gode resultatet på 189 poeng i 2020, og med 110 poeng er høgskulen tilbake på eit normalnivå for publisering. Målt i publisering pr. tilsett er resultatet ikkje godt fordi Høgskulen i Volda får stadig fleire tilsette men ikkje auke i publiseringa. I alt publiserte dei tilsette på Høgskulen i Volda 131 bøker eller artiklar, anten aleine eller saman med andre forfattarar. I tillegg kjem populærvitenskapleg publisering og formidling som ikkje blir rekna med i denne nasjonale statistikken. [Les meir på nettsidene til HK-dir. \(Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse\).](#)

## Publisering: Sterk auke på Avdeling for samfunnsfag og historie

Publiseringa varierer mykje mellom avdelingane, men Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) har ein auke i publiseringa på ca. 50 prosent sidan 2020. Dette er truleg det beste resultatet for avdelinga nokon gong. Alle dei andre avdelingane går klart tilbake i publisering. Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning er den største avdelinga på Høgskulen i Volda og har også mest publisering samla sett. Men målt i publisering pr tilsett er det ASH som kjem best ut i 2021.

## Inviterer til førstelektorkvalifisering - søknadsfrist 1. mai

Alle høgskulelektorar på Høgskulen i Volda har fått invitasjon til å söke på ei ordning for kvalifisering til førstelektor. Dei som blir med på ordninga får invitasjon til fire samlingar - tre halvdagssamlingar og ei to-dagarssamling med informasjon om ordninga og hjelpe til å planlegging av å gå førstelektorkløypa. [Søknadsfristen er 1. mai, og her er lenke til søknadsskjemaet.](#)

# Forskningsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

## Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 12. mai

Fram til 12. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2022. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskingsdagane 23. september 2022. Her er [informasjon om prisen, retningslinjer for tildeling og tidlegare prisvinnarar](#).

## Forskningsutvalet: Ny utlysing av såkornmidlar - frist 16. mai

Forskningsutvalet tildelte på møtet 17. februar såkornmidlar for 2022 på ca. Halvparten av det budsjetterte beløpet på kr 900.000. Forskningsutvalet vedtok å lyse ut midlane på nytt med søknadsfrist 16. mai og tildeling 2. juni. Midlane må brukast i 2022. [Les meir om såkornmidlar og søknadsskjema](#).

## Inntil 3 professor-/dosentstipend - søknadsfrist 15. juni 2022

Førstelektorar og førsteamanuensar ved Høgskulen i Volda har fått informasjon og invitasjon til å söke på professor-/dosentstipend. Søknadsfristen er 15. juni 2022. Kvinner vert særskilt oppmoda til å sökje. Vilkåra for stipenda er som tidlegare år. Dette er ei støtteordning som er særmerkt for Høgskulen i Volda og av dei 13 som har teke til på ordninga sidan 2014 har 6 fått opprykk til professor/dosent. [Les meir om vilkåra for ordninga på nettsidene våre](#).

## 11 millionar å hente frå Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal

Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskarar ved Høgskulen i Volda kan söke på. Den største ordninga er kalla [Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevn til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpende og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpende søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.

# Publisering og formidling

## **Send gjerne tips!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

## **Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

## **Ola Teige: "Hvorfor lukkes arkivene?"**

Førsteamanuensis Ola Teige, ASH har skrive kronikk i Klassekampen: ["Arkivverket raserer tilgangen til norsk kulturarv. Dermed sviktar dei sitt viktigaste samfunnsoppdrag".](#)

## **"Katten og kråka" i nytt opplag - og nytt språk**

Teikneserieboka "Katten og kråka" har no vorte selt ut - og andre opplag er på veg. [Arild Torvund Olsen](#) er forfattar av boka. [Boka har no også kome ut i sørsamisk utgåve: "Gaahtoe jih voerhtje".](#)

## **Professor Bastiansen bidrag i podcast om Roald Amundsen**

[Professor Henrik Grue Bastiansen](#), AMF, har bidrege i ein podcast om Roald Amundsen som er laga av fagkonsulent Anders Bache ved Roald Amundsens heim/Follo Museum og Musea i Akershus. Den første episoden heter «[Inkognito](#)» og handlar om korleis Roald Amundsen reiste under falskt namn - og med lausskjegg. Kvifor får du vite i podkasten.

## **Ledige stillingar**

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

**Jurist/fagansvarleg - seniorrådgivar/rådgivar i studieadministrasjonen - søknadsfrist  
24. april**

Høgskulen i Volda har ledig ei 100 % fast stilling som fagansvarleg (seniorrådgivar/rådgivar). Innhaldet i stillinga er i endring og den som blir tilsett vil få høve til å utforme stillinga i lag med studiedirektør og kollegaer i Studieadministrasjonen. Stillinga rapporterer til studiedirektøren. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

### **Høgskulelektor/høgskulelærar i norsk språk og samfunnskunnskap - søknadsfrist 24. april**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Institutt for språk og litteratur, er det ledig mellombelse stillinger i norsk språk og samfunnskunnskap for internasjonale studentar frå 1.8.2022–30.6.2023. Omfanget av arbeidet er på minimum 60 %, truleg meir, avhengig av i kor stor grad vi kjem til å oppskalere undervisningstilbodet vårt for å kunne bidra til norskundervisning for ukrainske flyktningar. Dei som blir tilsette, vil bli knytte til fagmiljøet i norsk for internasjonale studentar (NIS), som har tre tilsette. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

### **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse (fast stilling) - søknadsfrist 28. april**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse frå 1.8.2022. Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærarutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen(DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

### **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse (vikariat) - søknadsfrist 28. april**

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

### **Førsteamanuensis/Førstelektor/høgskulelektor i animasjon - søknadsfrist 9. mai**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, har vi ledig eit vikariat i 100% stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskolelektor ved Institutt for film og animasjon, frå 1.8.2022 - 31.07.2023. Oppstart kan justerast etter avtale. Stillinga kan verte forlenga. Stillinga gjeld undervisning i animasjon, og rettleiing av praktiske og vitskapelege oppgåver. Den tilsette vil også undervise på dei andre bachelorstudia og masterprogrammet ved avdelinga. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

## **Stipendiatsstillingar i barnevernsarbeid - søknadsfrist 1. juni 2022**

Høgskulen i Volda søker etter stipendiatar ved Avdeling for Samfunnsfag og historie, Institutt for sosialfag (ISF). Vi ønsker søkerar som har relevante forskingsprosjekt på området barnevern/barnevernsarbeid, gjerne med problemstillingar innanfor: Minoritetsarbeid, tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid (barnevern-barnehage-skule-PPT-Bup), arbeid med barn og familiar, juridiske problemstillingar med relevans for barnevernsarbeid.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

## **Professor/dosent i matematikkdidaktikk - søknadsfrist 15. juni 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for realfag, er det ledig ei fast 100 % stilling som professor/dosent i matematikkdidaktikk frå og med 1.8.2023. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

# **Møte, seminar og anna på HVO:**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

21.4.2022: [Forskningsutvalet](#)

22.4.2022: [50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#)

25.4.2022: [The Northwest](#), Ålesund

25.-26.4.2022: [ITS Volda](#), internasjonalt seminar om lærarutdanning

26.4.2022: Gjesteførelesing - FNs berekraftsmål

4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)

5.5.2022: [Fagdag barnehage](#), HVO

5.5.2022: [Høgskulestyret](#)

11.5.2022: HMS-dag på HVO

17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF

1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)

2.6.2022: [Forskningsutvalet](#)

2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF

03.06.2022: Disputas, [Anita Dyb Linge](#), HVO

16.6.2022: [Høgskulestyret](#)

16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen

9.6.2022: Sommaravslutning AKF

20.6.2022: Sommaravslutning ASH

22.6.2022: Sommaravslutning AMF

16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)

23.-27.9.2022: [Forskningsdagane 2022](#)

16.11.2022: 100-årsmerking for Henrik Kaarstad-huset

## Faste lenker:

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

### **REKTORBLOGGEN**

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorskenterets blogg](#)

[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

### **STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:**

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

**Høgskulen i Volda**

Tlf: [70075000](#)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)



[Endre kontaktinfo](#)

[Personvern](#)

[Meld deg av e-postlista](#)